

**Når du kjem inn i det velstelte tunet på SÆBØ, like ovanfor Etne sentrum, opplever du inntrykket av ein sunnhordlandsgard lenge før traktoren si tid; frå besten og ljåen sin tidsalder. Tunet på Sæbø, ein av granne-gardane til Gjerde, vart overteke av Sunnhordland Museum i 1938.**



Sæbøtunet i 1934.

### ERLEND FRÅ GJERDE

På Historisk Museum i Bergen finst to runesteinar som fram til 1820–30-åra låg i kyrkjegardsmuren ved Gjerde kyrkje.

På den eine står (i omsetjing): «KETIL SETTE DENNE STEINEN ETTER FINN, MÅGEN SIN». Innskrifta er datert til tida kring år 1100. På den andre står: «ERLEND RITA DESSE RUNER ETTER OLVE, FAR (SIN)».

Mykje talar for at dette kan vera den ERLEND frå Gjerde som saman med ASLAK frå Finnøy var ferarar for bondene frå vestlandsfylka i striden mot OLAV HARALDSSON i året 1030.

Erlend var truleg av dei menn som kongen i sine første regjeringsår knytte til seg og gav makt, men som sidan vende seg frå han. Det var nok dette sviket kongen sikta til når han, slik den legendariske Olavssoga fortel, med vrede og vonbrot tala til motmennene sine før slaget og til Erlend ordla seg såleis: «Eg gjorde deg, liten som du var, til ein stor mann». Både Erlend frå Gjerde og Aslak frå Finnøy fall i slaget på Stiklestad.


På kyrkjegarden på Gjerde står framleis ein høg bautastein med ein kross innhoggen øvst oppe. Fleire granskarar har meint at bautasteinen kan vera reist til minne om Erlend frå Gjerde (①55).

Runestein frå Gjerde, no på Historisk Museum.



SÆBØ er den einaste av gardane kring Gjerde som ikkje vart delt i fleire bruk. Eit skifte frå 1799 reknar opp 15 hus på garden: to røykstover, bu, eldhus, stabbur, bakebu, fjøs, løe, smalahus, stall, møkaskut, vedskut, vedskykkje, kvern og smie. Kor mange av desse bygningane som stod i hop, veit vi ikkje, men fleire av dei kan ha høyrte til vilkårsfolket. I dag står det att 10 hus på garden. Bakebua (truleg eit eldhus) er borte, og kårhuset – ei samanbygd røykstove og bu – vart flytta til ein annan gard. Stovehuset som står i dag, er bygt saman av ei røykstove og ei glasstove, med gjesteseng og kleskister i første høgda og sengestad for born og tenarar på lemen.

Tunet på Sæbø er delt i eit inntun og eit ut-tun. Her står folgeløa (vilkårsløa) og ei stor, treskipa stavløe: «svåla-løe». Mellom stavane i grindverkskonstruksjonen og ytterveggene er det svaler på langsiden – ein byggjeskikk som går langt attende i tid. □



### GJERDE KYRKJE

Gjerde kyrkje er nemnd første gong i 1288. I rekneskapan kan vi sjå at dette var ei stavkyrkje, med svalgangar kring og eit tårn mot vest. Denne stavkyrkja vart øydelagd av ein stor storm i 1673. Då vart det sett opp ei tømmerkyrkje, flytta frå «Lille Sandvigen». Kyrkja vart bygd av bygningsmennene Ole Bysheim frå Osterøy og Ole Nedre Eikanger frå Lindås, «paa det samme Stæd som den nedbleste Gierde Kirche tilforn stod».

Det vart bygt til eit nytt tårn i 1930, med prestesakristi og dåpssakristi. Då vart også dei vakre veggmaleria i koret og skipet avdekte, og altertavla og preikestolen vart restaurerte. Altertavla er ei katekismustavle frå 1500-åra, måla i 1738 av Johan Wingaard. Preikestolen er frå 1600-talet, med bilete av dei fire evangelistane. Korveggene er dekorerte med Moses og Aron og andre bibelske personar plasserte i arkadebogar, medan arkadane i skipet er omspunne av rankar og blomemotiv.

Tø mellomalderklokker heng i tårnet. Den eine klokka har ei lang innskrift, dels på latin og dels på gammalnorsk. I.B.E. BENDIXENS omsetting lyder denne innskrifta: «På metallernes vis, i det jeg priser herrens (de himmelske makters) Gud, løfter jeg min røst for at almuen skal gå til koret (til messen) og til alt godt. Jacob gjorde meg år 1315. Erling prest lot gjøre meg.» Den andre klokka har innstøpt ei rekke pilgrimsmerke, m.a. eit Birgittamerke frå Vådstena kloster, fire Olavsmerke frå Trondheim og eit merke som framstiller den heilage biskop Servatius av Maastricht, Holland.

